



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 27.05.2014

Sak nr.: 14/3208-2

Internt l.nr.: 16898/14

Sak: 30/14

Tittel: Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.
2. Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg:

FV 615: Tiltak: Vi går ikkje vidare med kommunedelplan no, då finansiering av tiltaket ligg langt fram i tid sidan prosjektet står på 8. plass på prioriteringslista. Det må derfor gjerast vedlikehaldstiltak og eventuelt utbetringar utifrå prioriteringslista som Statens Vegvesen har gjort på strekninga.

Høgre og Arbeidarpartiet sett fram slikt framlegg til endring:

1. Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg, med fylgjande tillegg nederst under store prosjekt:

Status pr 1.5.2014

Gjort prinsippvedtak i fylkestinget om å støtte prinsippet om å byggje ut Kystvegen Ålesund - Bergen. Det er også gjort fleire delutgreiingar. Manglar ei overordna og samordna utgreiing, samt plan for kystvegen frå Florø og sørover til Hordaland grense.

Tiltak

Administrasjonen kjem attende med eit notat i 2014 som avklarar ambisjonsnivå for ei utgreiing. Utgreiinga skal samordne det arbeidet som er gjort frå Florø og nordover og vurdere trase frå Florø og gjennom HAFS. Utgreiinga skal danne grunnlag for revisjon av RTP.

Avrøysting:

Framlegget frå hovudutval for samferdsle vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Høgre og Arbeidarpartiet fekk 4 røyster, Ole Gunnar Krakhellen H, Olin Johanne Henden H, Odd Atle Stegegjerdet Ap og Harald Offerdal Ap, og fall.
Arnstein Menes Sp, Anders Ryssdal Sp, Bjørg Bergheim Sp og Norunn Lunde Furnes røysta mot.
Leiaren brukte dobbelstemma.

2. Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framlegget til planleggingsprogram for fylkesvegnettet vert godkjent slik det ligg føre i vedlegget, med følgjande endring:

FV 615: Tiltak: Vi går ikkje vidare med kommunedelplan no, då finansiering av tiltaket ligg langt fram i tid sidan prosjektet står på 8. plass på prioriteringslista. Det må derfor gjerast vedlikehaldstiltak og eventuelt utbetringar utifrå prioriteringslista som Statens Vegvesen har gjort på strekninga.

- 2 Årlege planleggingsmidlar vert å fordele i samband med handsaminga av dei årlege budsjetta.